

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Tysdag 6. september 2005, kl 0830 – kl 1430

Stad: Sola Strand Hotell, Sola

Styremøtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	70/05 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	71/05 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 17.06.05	Vedlagt
Sak	72/05 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	73/05 B	Økonomirapport pr. 31. juli 2005	Vedlagt
Sak	74/05 B	Revidert budsjett 2005 og oppdaterte resultatkrav 2005	Vedlagt
Sak	75/05 B	Val av kontrollkomitè og budsjett for internrevisjon i Helse Vest i 2005	Vedlagt
Sak	76/05 B	MOBA – Utbygging av nytt akuttinntak i Helse Stavanger HF	Vedlagt
Sak	77/05 B	Utbygging av nytt lab-bygg i Helse Bergen HF	Vedlagt
Sak	78/05 B	Evaluering av Nasjonalt råd for spesialistutdanning av legar og legefording - høyring	Vedlagt
Sak	79/05 B	Lokalisering av Helse Vest administrasjonen	Vedlagt
Sak	80/05 B	Nevrokirurgi i Helse Vest	Vedlagt
Sak	81/05 B	Referat frå telefonmøte med Helse- og Omsorgsdepartementet – Eigaravdelinga – 02.09.2005 kl. 14.00	Utdelt
Sak	82/05	Eventuelt	

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima
Bente Moen
Marit Nordstrand
Per Hanasand
Brian Bjordal
Eli Moldeklev (vara for Aslaug Husa)
Inger F. Hamborg
Helge Espelid

Forfall frå styret:

Svein Andersen
Aslaug Husa

Frå administrasjonen: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Fagdirektør Odd Søreide
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Rådgivar Torunn Nilsen (ref)

Leiar i det regionale brukarutvalet, Ingrid Mällberg, presenterte det regionale brukarutvalet

Det regionale brukarutvalet har som formål å representere 900 000 innbyggjarar i region vest. Ingen av dei som er med i brukarutvalet representerer sin organisasjon eller diagnosegruppe. Det regionale brukarutvalet har representantar frå alle tre fylka i region vest, og representantane/vararepresentantane kjem i frå Mental Helse, LHL, Revmatikerforbundet, Diabetesforbundet, Blindeforbundet, Forening for Muskelsyke, Forening for utviklingshemmede, Psoriasisforbundet, Eldrerådet, LUPE, Cerebral Pareseforbundet, Norges Handicapforbund og Hørselhemmedes Landsforbund.

Brukarutvalet får mange førespurnadar i enkeltsaker, som dei distribuerar vidare til pasientombod eller andre. Brukarutvalet ønskjer å ha fokus på overordna prinsipielle saker, og ikkje spesielt på enkeltsaker. Samarbeid med brukarutvala i HF-a er prioritert. Det er lagt opp til eit årleg felles seminar for det regionale brukarutvalet, og brukarutvala i HF-a.

Det regionale brukarutvalet ønskjer å bli brukt som endringsstøtte for Helse Vest i høve til områder som kvalitetssikring, rehabilitering, habilitering, funksjonsfordeling og korridorpasientar.

Det regionale brukarutvalet ønskjer å delta i prosjekt frå byrjinga av og ikkje berre vere høyringsinstans i viktige prosjekt.

Det blir opplevd som viktig at Helse Vest RHF, og særleg styremedlem, er til stades på møter i utvalet. Brukarutvalet ønskjer ein fellessekvens med Helse Vest når styringsdokument leggast fram.

Brukarutvalet vil vere til stades på styremøte i Helse Vest som observatørar, og det er ønskeleg at brukarutvalet sine protokollar blir lagt fram for styret til orientering.

Dei viktigaste sakane for det regionale brukarutvalet i 2005 vil vere: rehabilitering og habilitering, psykiatri og rus.

Sak 70/05 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 71/05 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 17.06.2005

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøtet 17. juni 2005.

1. Fokusområda 2005:

Julital på ventetider og epikrisetid vart presenterte i møte:

Gjennomsnittleg ventetid for heile regionen er på 101 dagar..

Helse Bergen: 120 dagar

Helse Stavanger: 94 dagar

Helse Førde: 92 dagar

Helse Fonna: 87

Private med avtale: 97 dagar

Tala viser ein negativ utvikling i alle helseføretaka, med større tilbakegang enn det som kan skuldast ferieavvikling. Ventetida er aukande på alle område, også når det gjeld pasientar som har venta i over eit år.

I nokre av HF-a er ventetida lengst for dei utan rett til nødvendig helsehjelp

Styret understreka at dei er uroa over at ventetida ikkje går ned så fort som venta, og ønskjer at dette vert følgt opp vidare med enda sterkare fokus. Det er særleg uheldig at det er så lang ventetid på tilbod innan barne og ungdomspsykiatri.

Epikrise:

Det er ein gradvis positiv utvikling på epikrisetid i alle helseføretaka, sjølv om det framleis er langt igjen for å nå krava frå styresmaktene.

Dette må følgjast opp vidare med enno sterkare fokus.

Helse Bergen: somatikk - 59%, psykiatri - 61%

Helse Stavanger: somatikk - 62%, psykiatri - 59%

Helse Førde: somatikk - 74%, psykiatri – 77%

Helse Fonna somatikk – 50%, psykiatri – 70%

Helse Førde HF har nådd kravet både innan psykiatri og somatikk, og innan psykiatri er det ein god og positiv utvikling i alle helseføretaka.

Styret er ikkje nøgd med utviklinga, og ba administrasjonen utgreie aktuelle tiltak for å nå måla både når det gjeld ventetid og epikrise til neste styremøte.

Styret ønskjer, i løpet av hausten, å få lagt fram ein handlingsplan med aktivitetsplan/tiltaksplan for området barne og ungdomspsykiatri.

På neste styremøte i Haugesund ønskja styret ein orientering om barne og ungdomspsykiatri i Fonna, med besøk på barne- og ungdomspsykiatrisk klinikk.

Omstillingstiltak:

Styret la vekt på at målet om balanse i 2005 må oppretthaldast for å skaffe handlingsrom og rom for framtidege investeringar. Styreleiar vil ha fokus på dette i møte med alle helseføretaka. Dette vil bli gjennomført før neste styremøte.

2. Gevinstrealisering innkjøp:

Innkjøpssamarbeidet i regionen har også i 1. halvår 2005 generert gevinster i form av prisreduksjonar på ein heil del varer og tenester. Det er framleis metodiske og praktiske utfordringar knytt til det å berekne gevinstane – særleg gjeld dette for kjøp av IT-system som ein ikkje har nytta tidlegare. Gevinstberekningane sett lys på potensialet for innsparingar ved at det er kome nye prisar som er betre enn dei var tidlegare. Lojalitet knytt til nye avtalar vil vere avgjerande for om potensialet kan takast ut. Det er framleis utfordringar med å sikre god lojalitet til nye avtalar. Dette blir det arbeidd med både innan innkjøpsmiljøa og i det einskilde helseføretak.

Berekningane viser at potensialet for årlege innsparingar som følgje av nye innkjøpsavtaler som er inngått 1. halvår i 2005, ligg på ca. 15,7 mill. kroner for føretaksgruppa samla.

Den største prisreduksjon for eit produktområde, målt i kroner, har ein hatt på personalforsikringar. Etter ein anbudsrunde i vår blei prisen på dei ulike personaldekningane i føretaksgruppa redusert med 20 %, noko som i kroner utgjør 6,8 mill. årleg.

3. Rusvern

Administrasjonen viste til utsendt notat, og orienterte om at det no er oppnådd semje med Bergensklinikkene og Haugaland A-senter om vidare avtale.

Handlingsplan for rusvern vil bli lagt fram for styret i løpet av hausten.

4. Revisjon av overordna føretaksplan og arbeidet med langtidsplan

Administrasjonen orienterte om prosessen med overordna føretaksplan og langtidsplan.

Styret slutta seg til at prosjektet skal førast vidare. Styret ønskja å bli involverte i prosessen vidare, og at dette blir innarbeidd i neste års møteplan. Styret ønskja å kome tilbake til ambisjonsnivå og detaljane på korleis styret skal involverast.

Styret påpeika at viktige fokus i arbeidet må vere å bygge felles kultur, målsetjingar og visjon.

5. Årsrapport frå Beregningsutvalget for spesialisthelsetjenesten

Årsrapporten var sendt ut til styremedlemmane til orientering.

6. Statens eierberetning 2004

Utdrag frå Statens eierberetning var sendt ut styremedlemmane til orientering.

7. Funksjonsfordelingsprosjekt mellom Haraldsplass Diakonale sjukehus AS og Haukeland universitetssjukehus

Styret i Helse Vest RHF vedtok i sak 51/03 mandat for "Funksjonsfordelingsprosjektet". Målet var å vurdere eventuelle endringar som kunne medføre betre service og kvalitet på tenesta, og å oppnå betre utnytting av ressursane.

Avklaringar av framtidig behov og funksjonsdeling er naudsynt og for planlegginga av ombygging og utbygging ved begge sjukehusa.

Prosjektgruppa la etter ein omfattande prosess fram rapport i februar 2004.

Prosjektgruppa foreslo tiltak på kort og lang sikt.

Tiltak på kort sikt:

Tettare og meir formalisert samhandling vedrørande:

- Innlegging og pasientfordeling
- Lab/blodbank/røntgen
- Beredskap og vaktordningar
- IKT, innkjøp og kurs/opplæring/kompetanse

Kortsiktige tiltak er satt i verk.

Tiltak på lang sikt:

- Semje i gruppa om å utarbeide ein langsiktig strategi for tenestetilbod og oppgåvedeling.
- Fleirtalet i gruppa foreslår felles akuttinntak, felles observasjonspost- og felles høgspes. intensivavd. ved HUS.
- All akuttkirurgi til HUS, elektiv kirurgi og dagkirurgi til HDS.
- HDS reindyrkar indremedisin, geriatri, palliativ behandling og aukar kapasitet for akutt indremedisin.
- Mindretalet ønskjer nærare utgreiing før ein konkluderer på angstlig modell.

Saka kjem tilbake til styret som eigen styresak på neste styremøte.

8. Nevrokirurgi

Ny avtale om Nevrokirurgi i Helse Vest vart handsama som eiga sak

- Sak 80/05.

9. NTNU undersøking

Forskar Fredrik Carlsen ved Institutt for økonomi, NTNU har gjennomført undersøkinga - "Befolkningens tilfredshet med sykehusene før og etter sykehusreformen". Undersøkinga samanliknar svar frå 2000 og 2003. Nær 20000 personar svarte i 2000, og 15000 i 2003.

Innbyggjarane var vesentleg meir nøgde med sjukehusstenestene i 2003 enn i 2000.

Framgangen er særleg sterk for pasientane sin valfridom og ventetid, men det er også ei positiv utvikling i høve til kvaliteten på sjukehusstenestene.

Generelt er innbyggjarane meir nøgde med kvaliteten på sjukehustenestene enn med tilgjengelegheita.

Helse Vest ligg omtrent på landsgjennomsnittet for alle indikatorane minus for valfridom der vi er litt under landssnittet.

Resultata er statistisk signifikante og inneber ei vesentleg betring i kvaliteten på tenestene.

10. Orientering om relevante lovar og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønska ein orientering om endringar i arbeidsmiljølova frå 17. juni 2005 til neste styremøte.

11. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat og orienterte om at

Arbeidstilsynet sin kampanje ”God vakt” har meldt varsel om

pålegg ved post 1 ved kreftavdelinga på HUS i Helse Bergen HF.

Varselet er knytt til dei fysiske arbeidsmiljøfaktorane.

12. Forretningsplan – HINAS

Administrasjonen orienterte om situasjonen i HINAS og arbeidet med

ny forretningsplan. Styret ba om vidare orientering i saka, og om å få

framlagt oppdatert forretningsplan på neste styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 73/05 B Økonomirapport pr. 31. juli 2005

Kommentar:

I saka vart rekneskapen per 31.07. lagd fram.

Helse Bergen HF har 21,2 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Stavanger HF har 28,9 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Førde HF har 38,4 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Fonna HF har 22,5 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Apoteka Vest HF har 1,9 millionar kr. i positivt avvik i høve til budsjett.

For føretaksgruppa viser dette eit negativt resultatavvik målt mot budsjett på minus 112,5 millionar kroner.

Korrigert for meiravskrivingar gjev årsprognosen for føretaksgruppa eit negativt avvik på 48,8 millionar kroner.

Styret uttrykte stor uro for utviklinga i høve til kostnader i HFa, og forventar tilbakemelding i samsvar med vedtaket, på kva tiltak som vert sett i verk for å levere eit resultat i samsvar med budsjett i 2005.

Styret ønskja ein eigen sak om sjukefråvær, med meir detaljert orientering om situasjonen i helseføretaka, og rutinar for registrering og oppfølging av sjukefråvær.

Styret ønskja og meir informasjon om koding, periodisering, uttak av overlegepermisjonar og system for avviksmelding når planlagde tiltak ikkje blir gjennomførte.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok økonomirapport pr. 31.7.2005 til etterretning.
2. Helseføretaka må innan neste rapporteringsdato legge fram tiltak for å nå eit resultat i tråd med budsjett i 2005.
3. Styret ber om at HF-a har spesielt fokus på varekostnadar og variable lønskostnadar. Avvika der må analyserast med tanke på å komme fram til tiltak for å korrigere avvika mest mogleg.

Sak 74/05 B

Revidert budsjett 2005 og oppdaterte resultatkrav 2005

Kommentar:

Dei samla økonomiske konsekvensane av løyvingane i revidert nasjonalbudsjett kan oppsummerast i følgjande tabell:

	Helse Vest RHF
Auka inntekt revidert nasjonalbudsjett	
Tsunami	1 200
Legemiddel	3 200
Rusbehandling	9 000
LAR	1 700
Tilleggsloving	122 400
Brutto inntektsauke revidert nasjonalbudsjett	137 500
Avrekning ISF 2004	30 800
Inntektsauke etter avrekning ISF 2004	168 300
Inntektsauke ny DRG pris	41 035
Tekniske endringar:	
Utsett takstreduksjon offentlig lab/røntgeninstitut	-57 000
Utsett takstreduksjon private lab/røntgeninstitut	-11 000
Netto inntektsauke frå staten	141 335

Det er i tillegg gitt utsett frist med balansekrav til 2006, kor om lag halvparten av resultatkravet må vere innfridd i 2005. Med utgangspunkt i eit korrigert resultat i 2004 på kr -530 mill. vil resultatkravet frå eigar i 2005 vere eit underskot ikkje større enn kr 265 mill.

I revidert nasjonalbudsjett er det vedtatt kr 100 mill til styrking av lokalsjukehusa. I denne saka er det ikkje tatt inn midlar knytt til denne prosessen.

Helse Vest vil oppretthalde resultatkravet i helseføretaka og følge opp at dei tiltak som er vedtatt blir gjennomført.

Brev frå Haraldsplass Diakonale sjukehus (HDS), dagsett 6. september, ”Vedr. fordeling av revidert nasjonalbudsjett”, vart delt ut i møtet. Administrasjonen orienterte om fordeling av midlar mellom eigne helseføretak og private ideelle institusjonar.

Styret ba administrasjonen svare på brevet i frå HDS, og orientere om fordelinga av midlar og om styret si handsaming av saka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret slutta seg til forslag om fordeling av midlar som er vedtatt i revidert nasjonalbudsjett samt omdisponering av budsjettmidlar som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme vedtak 2/2-05	2 461 719	1 436 287	4 167 251	1 197 261	1 879 915	11 142 434
Revidert nasjonalbudsjett						
Tsunami	612		588			1 200
Dyrare legemedel	820	451	1 412	348		3 031
ISF oppgjeret frå 2004	8 318	4 350	12 683	3 413		28 764
Justering for ny DRG pris	12 029	6 366	18 807	5 067		42 269
Omdisponeringar av budsjettmidlar						
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	4 738					4 738
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			8 048			8 048
Utsatt halvering takster poliklinikk						0
Overheng taktsreduksjon						0
Sum endringar i RHF					(50 517)	-50 517
SUM tildelt inntektsramme 2005	26 516	11 167	41 538	8 828	(50 517)	37 533
Inntektsramme Revidert budsjett	2 488 235	1 447 454	4 208 790	1 206 089	1 829 398	11 179 966

2. Oppdatert resultatkrav 2005 vart fastsett som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2005	19,3	11,3	-83,3	-13,6	0,0	0,0	17,3	-48,9

Sak 75/05 B Val av kontrollkomitè og budsjett for internrevisjon i Helse Vest i 2005

Kommentar:

Styret handsama sak 54/05 Etablering av internrevisjon og oppretting av kontrollkomitè i Helse Vest den 27. mai i år.

Som kontrollkomitè vart Arne Nordheim, John Lekven og Per Hanasand valt. Ettersom Arne Nordheim og John Lekven ikkje er med i styret er det behov for suppleringsval til kontrollkomiteen.

Styret ønskjer og framlagt ei prinsipiell sak, der det blir gjort greie for fullmaktsstruktur og organisatoriske forhold i høve til internrevisjon, kontrollkomitè, Helse Vest sitt styre og administrerande direktør i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest oppretta kontrollkomié for føretaksgruppa som består av tre av dei eigaroppnemnde styremedlemmane.

Svein Andersen leiar
Bente Moen medlem
Per Hanasand medlem

2. Styret fastsette budsjett 2005 for internrevisjonen til ein million kroner. Finansiering skjer i revidert budsjett 2005.

Sak 76/05 B

MOBA – Utbygging av nytt akuttmttak i helse Stavanger HF

Kommentar:

Styret i Helse Vest hadde i møte den 9/12-2004 under sak 094/04 B ”Innspeil til statsbudsjett 2006 – investeringar” ei drøfting av investeringsbehova og finansielle utfordringar knytt til investeringsplanane i helseføretaka. Prosjektet må prioriterast innan avskrivingsmidlar og tilgjengelege lånemidlar. Helse Vest bør kunne leggje til grunn minst same nivå på årleg låneramme som i 2005.

Helse Vest kan forvente ein høgare del av låneramma når kapitalbehova til dei store prosjekta A-hus og St. Olavs Hospital blir ferdige (frå og med 2008).

I 2005 har Helse Vest fått tildelt ei låneramme på kr. 350 mill. Den endelege låneramma til helseføretaka blei fordelt under sak 57/05 B. Departementet har halde tilbake kr 350 mill i låneramme som vert fordelt i september. Helse Vest har søkt departementet om å få tildelt heile denne låneramma til oppstart av mellom anna nytt akuttmttak med observasjonseining i Helse Stavanger HF samt nytt lab bygg i Helse Bergen.

Nytt akuttmttak med observasjonseining (MOBA) - er eit av dei store prosjekta som er planlagt starta opp i slutten av 2005, under føresetnad av at ein finn ei finansiell løysing.

Styret i Helse Stavanger behandla i møte den 16/11-04 utbygging av akuttmttak med observasjonseining og gjorde følgjande vedtak:

”1. Forslaget til forprosjekt for akuttmttak med observasjonsenhet godkjennes som grunnlag for vidare arbeid med prosjektet, herunder å igangsette konkurranse om den første entrepriser for byggearbeidene. Styret legger til grunn en foreløpig kostnadsramme på kr. 280 mill. inklusive brukerstyr (oktober 2004).

2. Styret er innforstått med at prosjektet er under bearbeidelse med sikte på kostnadsreducerende tiltak og kontraktstrategi for å oppnå en mest mulig nøktern standard og kostnadseffektiv gjennomføring.

3. Forslag til endelig rammer for utbyggingsprosjektet vil bli framlagt for styret for vedtak.

4. Ved utlysing av anbudskonkurranse må det tas forbehold om at styret vil kunne forkaste utfallet av konkurransen dersom resultatet ikke er tilfredsstillende.

5. Prosjektet er basert på de virksomhetsplaner som er beskrevet i vedlegg til saksframlegget.

Styret forutsetter at administrasjonen legger dette til grunn for det videre arbeid slik at driften kan iverksettes på en mest mulig effektiv måte når de bygningsmessige arbeider er gjennomført.”

Under sak 094/04 B i styret i Helse Vest blei MOBA drøfta på prinsipielt grunnlag, men då det var uklart korleis ein skulle finansiere prosjektet fatta styret følgjande vedtak:

”MOBA prosjektet i Helse Stavanger blir utsett til ein har ein avklaring på den samla finansieringa.”

Den samla kostnadsramma for MOBA er anslått til å vere kr 280 mill. Prosjektet skal difor i medhald av gjeldande investeringsprosedyre godkjennast av styret i Helse Vest etter gjennomført konseptfase og etter forprosjekt. Prosjektet har vore utreda i lengre tid og har passert konseptfasen før gjeldande investeringsprosedyre blei implementert i 2004. Prosjektet blir no lagt fram for styret i Helse Vest med basis i gjennomført forprosjekt (endeleg godkjenning av oppstart). Saka bygger på dei drøftingar som har vore med Helse Stavanger, samt dei utredningar som er gjort og vedtak som er fatta av styret i Helse Stavanger.

Prosjektet gjev ei samla kapasitetsauke på 60 sengeplassar. Styret føresett at problemet med korridorpasientar ved Stavanger Universitetssjukehus opphørar når MOBA og nytt pasienthotell er ferdig.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner forprosjekt for nytt akuttmottak med observasjonseining i Helse Stavanger HF innanfor ei kostnadsramme på 280 mill. kr basert på priser i 2004.
2. Prosjektet kan gjennomførast innanfor tilgjengelege avskrivingsmidlar, lån til investeringar og omdisponering/bruk av basisramme. Ein føresetnad for oppstart hausten 2005 er at Helse Vest RHF får tildelt ekstra lånemidlar frå Departementet jfr. eigen søknad.
3. Helse Stavanger HF må tilpassa ei utviding av drifta av MOBA slik at ein tek høgde for at aktivitetsveksten kjem gradvis.

4. Styret føresett at Helse Stavanger HF reduserar ordinære senger med ca 60 i samband med utbygginga og evnar å forbetra drifta i tråd med intensjonane bak både nytt pasienthotell og nytt akuttmtottak med observasjonseining.
5. Styret føresett vidare at Helse Stavanger HF klarar å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda etter oppstart av nytt akuttmtottak med observasjonseining.

Sak 77/05 B

Utbygging av nytt lab-bygg i Helse Bergen HF

Kommentar:

Styret i Helse Vest hadde i møte den 9/12-2004 under sak 094/04 B "Innspel til statsbudsjett 2006 – investeringar" ei drøfting av investeringsbehova og finansielle utfordringar knytt til investeringsplanane i helseføretaka. Prosjektet må bli prioritert innan avskrivingsmidlar og tilgjengelege lånemidlar.

Helse Vest bør kunne leggje til grunn minst same nivå på årleg låneramme som i 2005.

Helse Vest kan forvente ein høgare del av låneramma når kapitalbehova til dei store prosjekta A-hus og St. Olavs Hospital blir ferdige (frå og med 2008).

I 2005 har Helse Vest fått tildelt ei låneramme på kr 350 mill. Den endelege låneramme til helseføretaka blei fordelt i sak 57/05 B. Departementet har halde tilbake kr 350 mill i låneramme som vert fordelt i september. Helse Vest har søkt departementet om å få tildelt heile denne låneramma til oppstart av mellom anna nytt laboratoriebygg i Helse Bergen samt nytt akuttmtottak med observasjonseining ved Helse Stavanger.

Nytt laboratoriebygg i Helse Bergen er eit av prosjekta som er planlagde starta opp i slutten av 2005 under føresetnad av at ein finn ei finansiell løysing. Det har vore gjennomført drøftingsmøte mellom Helse Bergen og Helse Vest vedkommande samla investeringsplan og finansiering av lab bygget. Prosjektet har vore utreda i lengre tid og i styremøte den 11/2-2004 sak "05/04 B Nytt laboratoriebygg" fatta styret i Helse Bergen følgjande vedtak:

- "1. Styret slutter seg til at det reises et nytt laboratoriebygg på "laboratorietomten" basert på de foreliggende planer. Prosjektering starter så raskt som mulig.*
- 2. Realisering av prosjektet vurderes å være strategisk avgjørende for realisering av den vedtatte Arealplanen.*
- 3. Styret ber administrasjonen komme tilbake til finansiering av byggeprosjektet basert på ein utredning og evaluering av alternative modeller"*

Den samla kostnadsramma er i 2004 anslått til å vere kr 640 mill. (ferdig 2008), og skal difor i medhald av gjeldande investeringsprosedyre til behandling i styret i Helse Vest etter gjennomført konseptfase og etter gjennomført forprosjekt. Prosjektet blir no lagt fram for styret i Helse Vest med basis i gjennomført konseptfase. Saka bygger på dei drøftingar som har vore med

Helse Bergen samt dei utredningar og vedtak som er fatta av styret i Helse Bergen.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner vidare planlegging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen basert på gjennomført konseptfase
2. Styret legg til grunn at prosjektet blir vidareført til forprosjekt innafor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjer:
 - a. Investeringskostnad inkludert byggjelånsrente på kr 700 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 18.1 mill
3. Ein tek sikte på at forprosjekt blir lagt fram til behandling i styret i Helse Bergen og Helse Vest i oktober 2005.
4. Ekstern kvalitetssikring skal være gjennomført før ny behandling i Helse Vest sitt styre.
5. Ein føresetnad for oppstart hausten 2005/våren 2006 er at Helse Vest RHF får tildelt ekstra lånemidlar frå departementet jfr. eigen søknad.
6. Styret føresett vidare at Helse Bergen HF klarar å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda også etter bygging av nytt laboratoriebygg.

Sak 78/05 B Evaluering av Nasjonalt råd for spesialistutdanning av legar og legefördeling - høyring

Kommentar:

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sette i 2004 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere mandatet for og samansettinga av Nasjonalt råd for spesialistutdanning av legar og legefördeling (NR). Bakgrunnen var endringane og reformene i Norsk helseteneste som også gjer det naudsynt å vurdere eventuelle tilpassingar for NR.

Departementet ønskjer gjennom høyringa å få synspunkt på den vidare utviklinga av dette området, og då særleg spørsmål knytt til den framtidige reguleringa og til kven som skal ha dei ulike oppgåvene. Det er bedt spesielt om synspunkt på dei ulike forslaga og vurdering av konsekvensar av og premisser for eventuelle endringar.

Evalueringsrapporten har følgjande hovudtilrådingar:

- Deregulering av allmennlegehjemplane i kommunane
- Deregulering av overlegestillingar i spesialisthelsetenesta
- Oppretthalde ei statleg regulering av utdanningsstillingar (nasjonalt ansvar å sikre eit tilstrekkeleg tal på utdanningsstillingar)

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest RHF støttar forslaget til endringar i forvaltinga av spesialistutdanning av legar og legefördeling.
2. Styret vil peike på at spesialiststruktur og spesialistutdanning er viktige virkemiddel for utvikling av spesialisthelsetenesta. Dei regionale helseføretaka må difor delta aktivt i dette arbeidet.
3. God eigarstyring krev oppdatert og lett tilgjengeleg styringsinformasjon. Styret vil difor be om at arbeidet med den nasjonale databasen over legestillingar vert styrka.

Sak 79/05 B

Lokalisering av Helse Vest administrasjonen

Kommentar:

Helse Vest RHF har sidan hausten 2001 leigd lokaler i Luramyrvæien 71 på Forus. Sidan iverksetjinga av helsereforma har aktivitetane og talet på tilsette i administrasjonen auka, og ein reknar med å vere 33 tilsette ved utgangen av året i tråd med vedtatt stillingsramme. I tillegg må Helse Vest skaffa kontorplass til 5 konserntillitsvalde.

Helse Vest har pr. i dag mangel på møterom i høve til dei samla aktivitetane, og manglar kontorplass til nye medarbeidarar som nå blir tilsette, samt tillitsvalde. Helse Vest må difor sikra seg andre lokale snarast mogleg.

Det er utarbeidd ein kravspesifikasjon som synleggjer behovet for kontorarbeidsplassar for tilsette og møterom pr. i dag samstundes som det er teke omsyn til utviklinga ein må pårekne på noko lengre sikt.

Firmaet Eiendomsmegler 1, Næringsmegling har vore engasjert for å hjelpa med å finna ny utleigar. Firmaet har sørgd for kunngjering i aktuelle media og søk i utleigemarkedet samt førebudd og tatt del i forhandlingane med aktuelle leigetakarar.

Dei tilsette i Helse Vest har undervegs blitt orienterte om prosessen og aktuelle alternativ for nye lokale.

Etter ei samla vurdering av tilboda sett opp mot Helse Vest sin kravspesifikasjon og andre forhold det har vore naturleg å ta omsyn til, tilrår ein at det vert inngått kontrakt med inVest A/S om leige av 3. etasje i Nådlandskroken 11, Forus, 4065 Stavanger. Lokala ligg i Stavanger kommune og har eit samla leigeareal på 2 081 m².

I tilbodet frå inVest a/s er lengde på leigekontrakten sett til 10 år frå kontraktssignering, med rett for leigetakar til å forlenge avtalen med ytterlegare 5 år med same føresetnader.

Vedtak (samrøystes):

Administrerande direktør får fullmakt til å inngå leigekontrakt med inVest A/S.

Sak 80/05 B Nevrokirurgi i Helse Vest

Kommentar:

Nevrokirurgi er definert som høgspesialisert medisin og har vore etablert som regionfunksjon ved Haukeland Sjukehus, nå Helse Bergen. Det er seinare bygd opp eit meir avgrensa tilbod i nevrokirurgi ved Sentralsjukehuset i Rogaland, nå Stavanger Universitetssjukhus.

Det blei i 2002 gitt uttrykk for bekymring for splitting av denne høgspesialiserte funksjonen.

Helse Vest RHF har ved 2 høve utført grundige vurderingar av faglege og økonomiske forhold, m.a. ved hjelp av utanforståande medisinsk fagleg kompetanse.

Styret i Helse Vest RHF har handsama saka i styresak 30/02, 64/02 og 28/05. I styresak 28/05 har styret trekt opp prinsippa for funksjonsfordeling mellom dei to føretaka, og har pålagt dei 2 avdelingane og føretaka å utarbeide ein samarbeidsavtale om det nevrokiurgiske tilbodet i regionen. Arbeidet med avtalen har vore leia av Helse Vest RHF og er forankra i den administrative leiinga ved dei to føretaka.

Det ligg nå føre ein avtale (vedlagt) utforma av fagmiljøa ved dei to føretaka som er støtta av den administrative leiinga.

Styret gav sin tilslutning til avtalen og vil vise til at dette er ei nyskaping. Avtalen bygger på eit nært og godt fagleg samarbeid, eit felles ansvar for fagleg utvikling og kvalitetssikring og utveksling av personell og kompetanse.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok avtalen til etterretning

Sak 81/05 Referat frå telefonmøte med Helse- og omsorgsdepartementet – Eigaravdelinga – 02.09.2005 kl. 14.00

Kommentar:

Eigaravdelinga i HOD hadde innkalla Helse Vest RHF og Helse Sør RHF til møtet.

Frå Helse Vest deltok styreleiar Oddvard Nilsen, viseadministrerende direktør Helge E. Bryne og fagdirektør Odd Søreide.

Møtet vart leia av ekspedisjonssjef Per Bleikelia. Han understreka i si innleiing alvoret i situasjonen og at HOD ville forvise seg om at alle naudsynte tiltak blei sette i verk for å rette på situasjonen.

Eigaravdelinga sa seg nøgd med den dokumentasjonen HOD hadde motteke frå Helse Vest både for oppfølging av pålegget og rapporteringa av effekten av tiltaka som er sette i verk i psykiatrien i Helse Bergen.

Eigaravdelinga fekk ein kort gjennomgang av styret si handtering av pålegget. Frå Helse Vest vart det peika på at både pålegget og tiltaksplanen var handsama i styret med eigen protokollasjon i sak Administrerende direktør sin orientering. Det blei og vist til fast sak på kvart styremøte om tilsyns-, kontroll og klagesaker.

Eigaravdelinga peika på at oppfølging av klage- og tilsynssaker er ein sentral del av styra sitt sjøvtstendege tilsynsansvar.

Styreleiar konkluderte med at han ville drøfte med styret korleis styret på best mogleg måte kan handtere og følgje opp denne saka og eventuelle tilsvarande saker.

Vedtak (samrøystes):

Styret ber om at framtidige saker der tilsynsmyndigheitene gir pålegg, blir lagt fram for styret som eigne saker.

Sak 82/05 Eventuelt

Ingen saker vart drøfta under eventuelt.

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå HOD dagsett 21. juni: RNB 2005, styrking av lokalsykehusene – gjennomføring av tiltak
- Brev frå HOD dagsett 24. juni: Bestillerdokument 2005. Tilleggsdokument etter Stortingets behandling av RNB 2005.
- Søknad frå Helse Vest til HOD dagsett 7. august: Revidert nasjonalbudsjett 2005 – styrking av lokalsjukehusa – forslag til tiltak.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 6. september 2005

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Per Hanasand

Brian Bjordal

Bente Moen

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Eli Moldeklev